



ULVIK HERAD UTVIKLING

Reglement for kommunale tilskotsordningar til kulturforemål

Tilskot av kulturmidlar.

Tilskot av kulturmidlar vert gjeve som driftstilskot til lag og organisasjonar som driv kontinuerleg verksemd i Ulvik Herad. Unnateke for tilskot er kommersielle tiltak og organisasjonar som har til oppgåve å ta seg av medlemene sine yrkes- eller økonomiske interesser.

Det vert berre gjeve stønad til hovudlag.

Stønad vert gjeve på grunnlag av medlemstal, aktivitetsnivå, kvalitetetsnivå, økonomi og annan kommunal/fylkeskommunal/statleg og privat stønad.

Det er ei hovudutdeling i året.

Ved søknaden skal det leggjast ved årsmelding og årsrekneskap.

Det er utarbeidd eige søknadsskjema.

Søknadsfrist er 15 april.

Tilskot til kulturanlegg.

Det vert gjeve tilskot til kulturanlegg som samfunnshus/grendahus, anlegg for vinteridrett, vass-skianlegg, ljosanlegg, skyttaranlegg m.m.

Tilskotet vert gjeve som drifts- og investeringstilskot.

Det er ei hovudutdeling i året.

Det er utarbeidd eige søknadsskjema.

Ved søknad skal leggjast ved årsrekneskap for anlegget.

Søknadsfrist er 15.april.

Ymse tilskot.

Tilskot vert ytt til organisasjonar og personar i og utanfor Ulvik Herad. Dette er ein tilskotspost det kan søkjast om midlar frå heile året.

Det kan ytast tilskot til lag og organisasjonar som skipar til større arrangement, særskilde investeringar, skiping av nye lag o.l.

Stønad vert utbetalt når rekneskap for arrangementet ligg føre.

Søknader om stønad til kulturverksemd av anna slag enn det som er nemnd, vert vurdert i kvart einskild tilfelle.

Ein føresetnad for tilskot er at andre moglege tilskot er søkt. Søknader om tilskot må vera komen inn før eit tiltak vert sett i gang.